



Sirdal kommune

Skuleeininga

1

Plan for elevane sitt skulemiljø

Grunnskulane i Sirdal kommune



*Planen er administrativt vedteke etter høyring.
Planen gjeld frå 01.06.2018*

Innhald	Side
1. Føremål	3
2. Definisjonar på krenkjande åtferd og handlingar	4
3. Førebyggjande og haldningsskapande arbeid 3.1 Opplæringslova og Sirdal kommune sine strategiar 3.2 Program og system som skulane bruker i arbeidet med førebygging	5
4. Aktivitetsplikt 4.1 Aktivitetsplikta sine fem handlingsplikter 4.1.1 Plikt til å følgje med 4.1.2 Gripe inn 4.1.3 Varsle 4.1.4 Undersøke 4.1.5 Sette inn tiltak 4.2 Rutine/oppfølging i Sirdalsskulen ved mistanke og kjennskap til krenkjande åtferd	6 7 7 8 8 8 9 9
5. Kontinuerlig og systematisk arbeid	10
Vedlegg 1: «Melding til rektor ved krenkjande åtferd»	12
Vedlegg 2: Oppsett: Plan for tiltak vedrørande aktivitetsplikt	13

Planen byggjer på Lyngdal kommune sin "Plan for elevenes skolemiljø"

1. Føremål

Opplæringslova Kapittel 9A omhandlar elevane sitt skulemiljø, det vil si i skuletida, i skulefritidsordninga og i leksehjelpa. Jf. §9A-1

§§ 9A-2: «Alle elevar har rett til et godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring»

§§ 9A-3: «Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering, og trakassering.

3

Dette inkluderer digital/skjult mobbing som også skjer utanom skuletida, og som kan få verknad på skulekvardagen.

Det er den enkelte elev sin subjektive oppleving av å bli krenka som er utgangspunktet for skulens handtering av opplæringslova § 9A.

Sirdal kommune legg vekt på:

- at vi arbeider kontinuerlig, langvarig og systematisk med elevane sitt skulemiljø
- at skulen, elevane og føresette samarbeider om det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet
- at tydelig leiing er ein føresetnad for å førebygge, avdekke og handtere krenkjande ord og handlingar. Dette inkluderer digital/skjult mobbing.
- at alle tilsette ved skulen har ei aktivitetsplikt til å følgje med, gripe inn og varsle. Skulen har plikt til å undersøke saka og eventuelt sette inn tiltak dersom dei får kunnskap eller mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt i skulemiljøet.
- at våre lokale tiltak og vår evne til kommunikasjon og samarbeid er avgjerande for at arbeidet skal lykkes.

For å oppnå måla byggjer denne planen på følgjande prinsipp:

A. Førebygging og haldningsskapande arbeid

Tiltak som reduserer risikoen for at elevar blir utsett for krenkjande ord og handlingar, digital og skjult mobbing.

B. Avdekking

Metodar og rutinar skulane bruker for å avdekke at elevar blir utsett for krenkjande ord og handlingar, digital og skjult mobbing.

C. Aktivitetsplikt.

Tiltak og rutinar for problemløysing. Når det gjeld sanksjonar skulane bruker overfor elevar som utøver krenkjande ord og handlingar, og digital og skjult mobbing viser ein til ordensreglementet.

D. Kontinuerlig, langvarig og systematisk arbeid

Skulane sitt systematiske arbeid i forhold til å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø.

2. Definisjonar på krenkjande åtferd og handlingar

Krenkjande åtferd:

Krenkjande åtferd er eit felles omgrep for alle former for åtferd som uoverlagt eller tilsikta rammer andre menneske fysisk eller psykisk. Krenkjande åtferd er handling som skjer ei eller fleire gonger. Krenkjande åtferd er handling som utførast utan respekt for andre si integritet.

4

Mykje av den krenkjande åtferda kan vere skjult og det er viktig at dei vaksne er tett på elevane og observerer i timar og friminutt kva slags kommunikasjon og samspel elevane har seg imellom. Døme på krenkjande åtferd kan vere baksnakking, utestenging, ryktespreiing, at ikkje eleven blir rekna med, spark, slag, kvelartak, dytting, overgrep og stygge kommentarar som at «ingen likar deg», «vi skal ta deg», «du er feit og ekkel».

- **Mobbing** av barn er «*handlingar fra voksne og/eller barn som hindrer opplevelsen av å høre til, å være en betydningsfull person i fellesskapet og muligheten til medvirkning*» (Lund, Helgeland og Kovac, 2017).

Mobbinga er ope eller skjult. Skjult mobbing har eit uttrykk som ofte verker udramatisk og ufarlig for utanforståande, men som kan få store konsekvensar for den som blir utsatt for dette.

Kjenneteikn på mobbing:

1. Ein aggressiv handling retta mot eit offer, av ein eller fleire saman
2. Eit ujamnt styrkeforhold mellom den eller dei som mobbar og den som blir mobba
3. At det går føre seg over tid

(www.laringsmiljosenteret.no)

- **Utestenging** betyr at nokon blir haldt utanfor ei gruppe eller ei klasse.
- **Vald** inneber at nokon bruker fysisk og/eller psykisk makt for å skade andre.
- **Rasisme** inneber at nokon blir forskjellsbehandla eller plaga, til dømes fordi dei har ei anna hudfarge eller snakkar eit anna språk.
- **Diskriminering** betyr at ein person blir dårligare behandla eller trakassert, til dømes på grunn av kjønn, funksjonsevne, tru, hudfarge eller opprinnelse.
- **Digital krenking** betyr at nokon brukar internett, mobil eller e-post for å sende og spreia vondsinna meldingar, videoar eller bilete av ein person/situasjon.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet/regelverk

3. Førebyggande og haldningsskapande arbeid

3.1 Opplæringslova og Sirdal kommune sine strategiar

Opplæringslova § 9A-3:

"Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort."

I grunnskulane i Sirdal er vi einige om følgjande strategiar for førebyggande og haldningsskapande arbeid, der vi:

5

- har ei tydelig og involvert skuleleiing
- har fokus på tydelig klasseleiing
- har fokus på å sjå elevane
- arbeider kontinuerlig med å skape gode relasjonar
- har tydelige forventningar til elevar om å bidra til godt skulemiljø
- har vaktordning, t.d. før skuletida, i friminutta, medan elevane et o.l.
- gjennomfører systematisk internkontroll og dokumentasjon av elevane sitt skulemiljø
- sikrar foreldremedverknad gjennom rådsorgana som foreldrerådets arbeidsutval (FAU), skulemiljøutvalet (SMU), samarbeidsutvalet (SU). Jf. §9A-9
- sikrar elevmedverknad gjennom elevsamtale, klasse møte og elevråd, skulemiljøutval (SMU), samarbeidsutval (SU). Jf. §9A-8
- har sosiallærer på barne- og ungdomstrinnet
- har tydelige forventningar til dei føresette om at dei varslar skulen om hendingar og bidreg til å skape godt skulemiljø, samt bidreg til å løyse utfordringar med skulemiljøet
- informerer alle tilsette, foreldre og elevar om "Plan for elevane sitt skulemiljø"

3.2 "Program" og system som skulane brukar i arbeidet med førebygging

- 1.-4.trinn
 - "Zippys venner"
 - Eit skuleprogram for 1.-4.trinn som gir auka meistring og betre læringsmiljø.
Meistre dagliglivet sine problem, identifisere og snakke om kjensler og støtte andre som har det vanskelig
 - Tiltak for å jobbe systematisk med å fremja god psykisk helse og eit godt psykososialt miljø på barneskulen
 - Helsesøster i kommunen er aktiv deltakar

- 7.trinn
 - "Kjærlighet og grenser"
 - Universelt førebyggingsprogram, retta mot familiar med ungdom på 7. eller 8.trinn
 - For å styrka beskyttande faktorar når det gjeld psykiske helseplager og rettleie foreldra i forkant av ungdomstida. Betre samarbeidet mellom heim og skule, bygge gode foreldrenettverk samt auka ungdomane si sosiale kompetanse
- 8.-10.trinn
 - "MOT"
 - MOT er ein ungdoms- og samfunnsbygger, som styrker ungdom si bevisstheit og mot – til å leve, til å bry seg og til å si nei

Den einskilde skule har også andre tiltak som bidreg til å forme trygge og gode læringsmiljø. Desse tiltaka står skulane fritt til å endre i.f.h.t denne planen. Døme på tiltak (ikkje uttømmmande liste):

- Arbeid med klasseregler
- Tydeliggjering av foreldra si rolle og viktige bidrag til læringsmiljøet
- Haustsamling
- Dei vaksne handhelsar på barna kvar morgon
- Samlingar styrt av dei føresette
- Overnattingsturar
- Sosial læreplan
- BliMe
- Røris
- Ta i bruk klasstrivsel.no i det systematiske arbeidet med læringsmiljøet
- Synlige og "usynlige" vakter i friminutta
- Fokusgrupper
- o.s.b

4. Aktivitetsplikt

Opplæringslova § 9A-4

"Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø"

"Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.


Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal

skolen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har et trygt og godt skolemiljø.

Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.

Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- 
- a) kva problem tiltaka skal løyse
 - b) kva tiltak skolen har planlagt
 - c) når tiltaka skal gjennomførast
 - d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
 - e) når tiltaka skal evaluerast.

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd."

Bedre tverrfaglig innsats (BTI) er ein arbeidsmetode/modell, som skal bidra til tidlig innsats, foreldreinvolvering og koordinert samarbeid på tvers av tenester.

Stafettloggen blir brukt til oppfølging, involvering og dokumentering når rektor/kontaktlærer har avgjort at denne skal opprettast i medhald av handlingsrettleiaren i BTI.

(Sjå også vedlegg 2,)

Les meir om BTI og Stafettlogg her: <https://www.sirdal.kommune.no/bti-bedre-tverrfaglig-innsats.455484.no.html>

Skulen si plikt til å handle i mobbesaker er skjerpa og konkretisert gjennom ei ny aktivitetsplikt. Kravet i tidligare kap. 9a om enkeltvedtak blei ikkje vidareført i nytt kap. 9A.

4.1 Aktivitetsplikta består av fem handlingsplikter.

4.1.1 Plikt til å følge med

Alle som arbeider ved skulen skal være årvakne og aktivt observere korleis elevane agerer kvar for seg og seg imellom. Det er lav terskel for å bry seg om kva elevane held på med. Avdekking av krenkjande åtferd kan òg skje ved at dei som arbeider i skulen, elevar, og/eller føresette melder frå om at nokon opplever krenkjande ord og/eller handlingar eller blir utsett for digital/skjult mobbing.

Sirdalsskulen har følgjande rutinar for avdekking:

Tiltak	Ansvar
Daglig kontakt med elevane	Alle tilsette/rektor
Utviklingssamtale/elevsamtale 2 gonger pr. år.	Kontaktlærer/rektor
Klassegjennomgang 2 gonger pr. år	Rektor/sosiallærer/kontaktlærer
Årleg elevundersøking frå Udir, 7. +10. trinn. (minimumsbestemming*)	Rektor/assisterande rektor/inspektør
Foreldreundersøking frå Udir, kvart tredje år 1.-10. trinn.	FAU/rektor
Årleg lokal trivselsundersøking 1.-10. trinn/ev. klassetrivsel.no (minimumsbestemming*)	Rektor/kontaktlærer
Jamleg tema i personalet, i klasse møte, foreldremøte, elevråd, FAU og SMU.	Rektor/alle tilsette
Meldeknapp om skulemiljø på heimeside	Rektor
Aktiv bruk av meldingsskjema til rektor for observasjon av krenkjande åtferd.	Rektor/alle tilsette

*) Skulen kan inkludere fleire klasser i elevundersøkinga, og kan gjennomføre lokal trivselsundersøking meir enn ein gong pr. år om dei ønskjer.

"Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering, eller trakassering skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skoleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter §9A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks" (§9A-5).

4.1.2 Gripe inn

Alle som arbeider i skulen skal gripe inn i pågåande situasjonar som dei oppfattar som krenkjande, så langt det er mogleg. Ein skal ikkje sette seg sjølv eller andre i fare.

4.1.3 Varsle

Rektor skal varslast om ein kvar mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Dette gjer ein ved bruk av «Meldingsskjema til rektor», sjå vedlegg, ved å bruke "raud knapp" på heimesida, eller seie frå på anna vis. Terskelen er lav for å varsle. Elevane kan ha ulike uttrykksformer for å vise frustrasjon, utrygghet og vantrivsel og alle som arbeider ved skulen skal vere observante på dette. Ei varsling ved meldingsskjema, eller at nokon på anna vis seier ifrå om at ein elev ikkje har det trygt og godt, utløyser skulen si plikt til å undersøke.

4.1.4 Undersøke

Formål med undersøkinga er:

- Å få fram fakta i situasjonen
- Bakgrunn for eleven si oppleving
- Kva for forhold i eleven sine omgjevnader som verkar inn på korleis han/ho opplever skulemiljøet.

Forhold bakover i tid, utanfor skuletid og skuleområde kan òg komme inn i undersøkinga. Ansvar ligg på rektor, men oppgåvene kan delegerast til andre som arbeider ved skulen.

Når undersøkinga er gjort skal kontaktlærer i samarbeid med leiinga vurderer om det bør opprettast Stafettlogg for å følgje opp vidare plikt etter opplæringslova. Dette gjeld plan med tiltak, ansvar og evaluering.

4.1.5 Sette inn tiltak

Premiss for tiltak er barnets beste og barnets rett til å bli høyrd. Plikt til tiltak kan òg gjelda sjølv om barnet uttrykker å ha det greitt, dersom ein handlar ut frå barnets beste. Tiltaka som setjast inn skal vere egna, bli følgde opp og evaluert. Det kan bli aktuelt å kople inn andre instansar som kan bidra, t.d. skulehelsetenesta, PPT m.fl.

4.2 Rutine/ oppfølging i Sirdalsskulen ved mistanke og kjennskap til krenkjande åtferd:

	Oppgåve	Ansvar	Dokumentasjon (i elevmappe)
1.	Den som observerer grip inn om det er ein pågåande situasjon, og handterer han hensiktsmessig.	Den som observerer	Melding til rektor ved uønskt åtferd
2.	Den som observerer varslar rektor.	Den som observerer	Melding til rektor ved uønskt åtferd
3.	Undersøking og observasjon startar umiddelbart.	Rektor/ kontaktlærer	Melding til rektor ved uønskt åtferd
4.	Samtalar med eleven som opplever seg krenka, for å få informasjon og gi støtte. Skulen skal sikre at eleven si eigen subjektive oppleving kjem fram.	Rektor/ kontaktlærer	Referat*
5.	Samtale med eleven som krenkjer. Er det fleire som plager, snakkar vi med ein om gangen. Hensikta med samtalen er å gje beskjed om at slik åtferd er uakseptabel og må stoppe umiddelbart. Gjere avtalar om oppfølging.	Rektor/ kontaktlærer	Referat*
6.	Samtaler med føresette til eleven som opplever seg krenka. Skulen har ansvar for å legge til rette for eit godt samarbeid når det gjeld tiltak som kan/bør gjerast.	Rektor/ kontaktlærer	Referat*
7.	Samtale med føresette til krenker. Skulen har ansvar for å legge til rette for eit godt samarbeid når det gjeld tiltak som kan/bør gjerast.	Rektor/ kontaktlærer	Referat*
8.	Rektor si vurdering etter innhenting av fakta Vurdera å oppretta Stafettlogg for vidare oppfølging.	Rektor	Stafettlogg
9.	Tiltak iverksetjast og prosess blir dokumentert gjennom Stafettlogg <i>Dersom dei føresette ikkje gjev samtykke til Stafettlogg, må ein utarbeide skriftleg plan (sjå vedlegg 2) utanfor Stafettlogg. Ein må forsøke å få dei føresette til å sjå at</i>	Rektor	Stafettlogg

	<i>det er til eleven sitt beste å bruke Stafettlogg.</i>		
10.	Evaluering av tiltak i Stafettlogg	Rektor	Stafettlogg
11.	Sanksjonar Sanksjoner må vere i tråd med ordensreglementet. Skulane må dokumentere bruk av sanksjonar. Skulen må vurdere om det skal fattast egne enkeltvedtak dersom sanksjonen er inngripande	Rektor	Stafettlogg
12.	Oppfølging Problemsituasjonane blir følgde inntil påverka elevar føler det trygt og godt i skulemiljøet. Alle involverte elevar skal bli følgde opp. Vurdere om ein skal avslutte Stafettlogg	Rektor	Stafettlogg PDF-fil i elevmappa
13.	Dersom krenkjande åtferd ikkje opphøyrer, skal andre eksterne partar inn i saka, til dømes PPT, skulehelseteneste, barnevern, politi eller konfliktråd. Følg handlingsrettleiar i BTI-modellen	Rektor	Stafettlogg
14.	Dersom det er vaksne ved skulen som utsett elevar for krenkjande ord eller handlingar, plikter observatør å melde til rektor som vidare melder til skuleeigaren. Er det nokon i leiinga som plager skal ein kontakte skuleeigar direkte. Undersøking startar umiddelbart.	Rektor ev. einingsleiar	Referat*

*)Ansvar for å skrive referat ligg til den som gjennomfører samtale/møter, samt at referat og anna dokumentasjon blir lagt i elevmappa.

I Sirdalsskulen skal alle elevar og føresette oppleve å bli tatt på alvor dersom dei kjem til skulen med bekymring om at ein elev blir utsatt for krenkjande ord eller handlingar. Skulen tar ansvar og initiativ for å stoppe slik åtferd. Elevar som har opplevd å bli utsatt for eller sjølv har utsett andre for krenkjande ord eller handlingar, skal vita at dei blir følgde opp av skulen etter at den krenkjande åtferda er avslutta. Rektor har det overordna ansvaret for at skulen følgjer opp saker som gjeld det psykososiale miljøet.

5.0 Kontinuerlig og systematisk arbeid

Opplæringslova § 9A-3 *Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.*

Skulane skal ha nulltoleranse mot mobbing og skal arbeide gjennom skuleåret med å utvikle eit godt skulemiljø. Arbeidet skal vere gjennomtenkt og planmessig. Planane og rutineane må vere innarbeidd og følgjes opp av dei involverte når dei jobbar med saker som gjeld

skulemiljøet til elevane. I Sirdal er det utarbeida ein plan for elevane sitt skulemiljø som gjeld for heile grunnskulen i kommunen; «Plan for elevane sitt skulemiljø».

Skuleleiinga har ansvaret for den daglige oppfølginga av «Plan for elevane sitt skulemiljø». Denne planen skal bidra til at elevane i Sirdal kommune opplever eit trygt og godt skulemiljø. For å sikre at dette blir eit ”levande” plandokument, må planen vere kjent for alle aktørar i skulemiljøet. Nye tilsette skal få planen utdelt.

Planen blir revidert i skuleleiarmøte kvart tredje år. Som førebuing til dette møtet tas planen opp til gjennomgang i skulemiljøutvala (SMU) på skulane.

MELDING TIL REKTOR VED KRENKJANDE ÅTFERD

Namn på involverte: _____ klasse: _____

Når/kor skjedde åtferda: _____

Beskriving av det som skjedde:

12

Korleis dette blei takla av meldaren:

Sirdal, dato: _____

Signatur meldar:

Oppfølging av leiar:

Sign leiar:

Vedlegg 2

Oppsett:

Plan for tiltak vedrørende aktivitetsplikta.:

(Alle punkta skal svaras på.)

MÅ SJÅ DENNE I SAMANHENG MED BTI/STAFETTLOGGEN

- Kva for utfordring skal løysast?
- Kva for tiltak planlegg skulen?
- Kva meiner elev og eleven sine foreldre om planlagde tiltak?
- Når skal tiltaka gjennomførast?
- Kven er ansvarleg for gjennomføring av tiltaka?
- Når og korleis skal tiltaka bli evaluert?

Om ikkje handlingsplikta blir overheldt, kan tilsette straffes med bøter eller fengsel i inntil 3 månader, jf.

Opplæringsloven § 9A-7.